

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 102/2013

2013/EØS/67/01

av 14. juni 2013

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning 2012/31/EU av 21. desember 2011 om endring av vedlegg I til vedtak 2007/275/EF om lister over dyr og produkter som skal kontrolleres på grensekontrollstasjonene i samsvar med rådsdirektiv 91/496/EØF og 97/78/EF⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2012/197/EU av 16. april 2012 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2012/450/EU av 27. juli 2012 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nye strekpunkt lyde:
 - **32012 D 0197:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2012/197/EU av 16. april 2012 (EUT L 106 av 18.4.2012, s. 22),
 - **32012 D 0450:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2012/450/EU av 27. juli 2012 (EUT L 203 av 31.7.2012, s. 68)."
2. I del 1.2 nr. 137 (kommisjonsvedtak 2007/275/EF) vert følgjande lagt til:
 - ", endret ved:
 - **32012 D 0031:** Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning (EU) 2012/31/EU av 21. desember 2011 (EUT L 21 av 24.1.2012, s. 1)."

⁽¹⁾ TEU L 21 av 24.1.2012, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 106 av 18.4.2012, s. 22.

⁽³⁾ TEU L 203 av 31.7.2012, s. 68.

Artikkel 2

Teksta til beslutning 2012/31/EU og avgjerd 2012/197/EU og 2012/450/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juni 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(*)).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 14. juni 2013.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.